



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Halsa kommune

Tilsynsdato: 13.01.2016

Rapportdato: 07.03.2016

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	6
2	HOVDINNTRYKK.....	7
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	8
3.1	AVVIK	8
3.2	MERKNADER	9
4	VIDARE OPPFØLGING.....	10

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	23.03.2015 (formøte) 13.01.2016 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhuset Liabøen, 6683 Vågland
Kommunennummer:	1571
Kontaktperson i kommunen:	Lars Wiik
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	12.02.2016
Endeleg tilsynsrapport sendt:	07.03.2016
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	22.04.2016

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Halså kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2015.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Plan for Kriseledelsen i Halså kommune	07.12.2015
2.	Kommunal Planstrategi for Halså kommune 2012 – 2016	Ikkje datert
3.	Kunnumeplan Del A – Samfunnsdelen til kommuneplanen	23.08.2012
4.	Helhetlig ROS-analyse for Halså kommune	09.12.2015
5.	ROS-analyse for Halså Brannvesen	00.09.2015
6.	Informasjonsstrategi for Halså kommune	18.11.2014
7.	Plan for for informasjonsberedskap	10.12.2015
8.	Helsedirektoratet – Beredskap mot utfall av strøm , elektroniske data	29.05.2013
9.	Beredskapsplan mot akutt forurensing – Delplan for Halså kommune	10.12.2015
10.	NIUA operative organisering	25.02.2014
11.	Sambandsplan NIUA	02.09.2013
12.	Plan for helse- og sosial beredskap i Halså kommune	09.11.2006
13.	Smittevernplan – Halså kommune	10.12.2015
14.	Retningslinjer for psykososial omsorg og støtte ved tragiske hendelser	00.10.2015
15.	Samarbeidsavtale om beredskap mellom Sanitetsforeningar og Halså kommune	18.09.2013
16.	Beredskapsplan mot skoleskyting og terrorhendelse	25.09.2015
17.	Beredskapsplaner for barnehagene i Halså kommune	00.11.2014
18.	Innkalling til møte om beredskapsarbeidet i Halså kommune	Ikkje datert
19.	Saksframlegg – Plan for kriseledelsen i Halså kommune	27.02.2014
20.	Abonnementsavtale for Varsling 24 Online	03.04.2014
21.	Brev frå Halså kommune til Fylkesmannen – Terrortrussel 24. juli 2014	25.07.2014
22.	Evaluering etter skog/lyngbrann ved Måsvatnet 29. mai 2014	06.06.2014
23.	Referat etter møte i kriseledelsen 20.03.2014	21.03.2014
24.	Referat etter møte i kriseledelse/beredskapsråd 04.12.2013	04.12.2013
25.	Situasjonsrapport nr.1 – hendelse uværet «Lodve»	28.10.2013
26.	Evaluering etter beredskapsøvelse (diskusjonsøvelse) på rådhuset	25.04.2013
27.	Referat frå møte vedrørende beredskapsarbeid og øvelse	03.02.2013
28.	Erfaringer/forbedringspotensiale etter CIM/Berdskapsøvelse	24.09.2012
29.	Referat frå møte i beredskapsledelsen	16.01.2012

30.	Referat etter møte i beredskapsrådet 22.09.2008	23.09.2008
31.	Plan for informasjonsberedskap og krisekommunikasjon – internt brev	14.03.2008
32.	Kommunal beredskap – brev til formannskapet	13.02.2008
33.	Beredskapsplan for helse- og omsorgssektoren <i>(lagt fram i tilsynsmøte)</i>	00.01.2016

1.5 Gjennomføring

Formøte med Halså kommune vart gjennomført 23.03.2015. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 13.01.2016. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Ola Rognskog	Ordførar		X	X	X
Milly Bente Nørsett	Einingsleiar/ Rådmann	X	X	X	X
Lars Wiik	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Odd Erik Hyldbakk	Kommunalsjef		X	X	
Mari Moen Tjørstad	Leiar Psykososialt Kriseteam		X		X
Gunnhild E. Megård	Leiar PLO		X		X
Siri Sæterbø	Leiar PLO		X		X
Helge Berg	Lenmann		X		X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudinstrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt, godt forankra og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd og som evaluerer øvingar og hendingar. Kommunen hatt møter i kriseleiinga siste åra, men har ikkje fastsett rutine for det. Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på strategisk nivå i kommunens planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2013 og er forankra i kommunestyret. Den er sist ajourført i desember 2015.

Beredskapsplan (Plan for kriseledelsen) er frå 2014 – oppdatert i desember 2015. Planen er gjennomarbeidd og oppfyller dei fleste forskriftskrava. Vi kan ikkje sjå at planen samordnar og integrerer øvrige beredskapsplanar. Dette er derimot gjort den heilskaplege ROS-analysen, og bør flyttast til beredskapsplanen. Plan for befolkningsvarsling manglar, og kommunen har ikkje planar/rutinar for øving og opplæring.

Potensialet for forbetring ligg mellom anna i å rydde i innhaldet mellom ROS-analysen og beredskapsplan i trå med forskriftskrava. Planen kunne vere meir operativ, og varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM. Kommunen bør vurdere eit styringsdokument for beredskapsarbeidet, som mellom anna kan innehalde eit årshjul og ein konkret aktivitetsplan. Det bør ryddast opp i begrepa «overordna beredskapsplan» contra «plan for kriseledelsen ...». Det bør avklarast betre i planverket kva som er informasjon og kva som er varsling.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte tre avvik. To forhold er kommenterte som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Halså kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, litra f).

Utdjupande kommentar:

ROS-analysen manglar ei vurdering om behovet for befolkningsvarsling.

Avvik nr. 2

Halså kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 litra d).

Utdjupande kommentar:

Planverket manglar ein plan for befolkningsvarsling.

Avvik nr. 3

Halså kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7 siste ledd.

Utdjupande kommentar:

Planverket oppfyller ikkje kravet om eit system for opplæring.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne imøtekome avviket som gjeld beredskapsplanen, og kan også styrke forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

Merknad nr. 2

Kommunen bør:

- Avklare betre kvar planverket skal vere tilgjengeleg, i Kvalitetssystemet eller i CIM. Bør oppdaterast berre ein plass.
- Lage årshjul for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.
- Vurdere om varslingslister og oversikt over ressursar kan flyttast til CIM.
- Flytte oversikt over andre beredskapsplanar i kommunen frå ROS-analysen og integrere det i beredskapsplanen, evt. i styringsdokument, for betre å imøtekome forskriftskrava.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419